



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling

«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anbjørn Høivik	917 05 737	2026/2331-4	«REF»	12.05.2026

## Ønskjer tilbod på utarbeiding av strategiplan og serviceerklæring for plan og byggesak

Kvinnherad kommune inviterer til å gje tilbod på oppdrag knytt til utarbeiding av strategiplan for plan- og byggesaksarbeidet i kommunen. Grunnlaget for førespurnaden er vedtak i Kvinnherad kommunestyre, der det er bestemt at det skal utarbeidast ein strategiplan som gir ei tydeleg retning for vidare utvikling av fagområdet. Planen skal leggja til rette for ei kontinuerleg, målretta og kunnskapsbasert utvikling av tenestene innan plan- og byggesaksbehandling.

Ein tydeleg bakgrunn for oppdraget er Kvinnherad kommune si politisk vedtekne målsetting om å gjere alt som er mogleg for å oppnå ny folketalsvekst, slik det er formulert i eit av hovudmåla i samfunnsdelen til kommuneplanen

### 1. Formål med oppdraget

Formålet med oppdraget er å utarbeida ein heilskapleg strategiplan for plan- og byggesaksarbeidet i Kvinnherad kommune med eit tidsperspektiv på 6–8 år.

Strategiplanen skal bidra til å styrkja:

- kvalitet og effektivitet i sakshandsaminga
- rettstryggleik og likebehandling
- service, kommunikasjon og rettleiing
- samhandling internt i kommunen og med eksterne aktørar

Planen skal vidare danna grunnlag for ein konkret handlingsplan med målbare mål og resultatindikatorar.

## 2. Omfang og avgrensing

Oppdraget er avgrensa til dei delar av plan- og byggjesaksarbeidet som er direkte publikumsretta, særleg:

- behandling av byggje- og delingssøknader
- behandling av private reguleringsplanforslag

Oppdraget omfattar analyse av:

- organisering, kompetanse og kapasitet
- system, rutinar og saksflyt
- kvalitet, effektivitet og omdøme
- gebyrnivå og gebyrinnretting

Arbeidet skal ta utgangspunkt i desse styringsdokumenta:

- kommunestyrevedtak av 19.03 og 23.04.2026 (vedlagt)
- kommuneplanen sin samfunnsdel (lenke: [Kvinnherad 2050](#))
- gjennomført forvaltningsrevisjon 2023 - 2024 (vedlagt)
- føringar for pågåande arbeid med gebyrvurderingar (vedlagt)

## 3. Innhald i leveransen

Leveransen skal minimum omfatta:

1. **Forslag til strategiplan for plan- og byggjesak**, som:
  - skildrar status og hovudutfordringar
  - fastset strategiske mål og prioriteringar
  - peikar ut sentrale utviklingstiltak
2. **Forslag til handlingsplan** med:
  - målbare målsetjingar
  - klare resultatindikatorar
3. **Forslag til serviceerklæring**, med særleg vekt på:
  - kommunikasjon og rettleiing
  - saksflyt og framdrift
  - føreseielegheit og kvalitet i sakshandsaminga

## 4. Prosess og medverknad

Det er ein føresetnad at oppdraget vert gjennomført som ein open og involverande prosess.

Leverandøren skal planleggja og gjennomføra:

- intervju og dialog med tilsette og leiarar
- involvering av tillitsvalde og verneombod
- dialog med politiske representantar
- medverknad frå eksterne brukarar og profesjonelle aktørar

Kommunen vil leggja til rette for tilgang til relevante dokument og kontakt med aktuelle deltakarar.

## 5. Organisering av oppdraget

Oppdraget skal gjennomførast på sjølvstendig grunnlag, men i samarbeid med kommunen der det er naudsynt for framdrift, avklaringar o.l. Kommunedirektøren er prosjekteigar, og det vert peikt ut ein kontaktperson/prosjektleiar frå kommunen si side.

Det er venta at leverandøren tek ansvar for:

- prosjektleiing

- metodikk og prosessleiing
- analyse og faglege vurderingar
- utforming av ferdige dokument

## 6. Framdrift

Arbeidet er planlagt gjennomført i perioden mai–desember 2026, med følgjande hovudmilepælar:

- Oppstart og etablering: mai 2026
- Kartlegging, analyse og medverknad: mai–september 2026
- Strategisk utviklingsarbeid og utkast: september–oktober 2026
- Forankring og ferdigstilling: november 2026
- Politisk handsaming: desember 2026

Endeleg framdriftsplan vert avklart i samarbeid med vald leverandør.

## 7. Økonomiske rammer

Kommunestyret har sett ei øvre kostnadsramme for oppdraget på **kr 250 000 inkl. mva.** Tilbodet må spesifiserast innanfor denne ramma og inkludera alle kostnader knytt til gjennomføring av oppdraget.

## 8. Krav til tilbodet

Tilbodet bør innehalda:

- skildring av forståing av oppdraget
- forslag til metode og gjennomføring
- organisering og nøkkelpersonell
- relevant erfaring frå tilsvarende oppdrag
- framdriftsplan
- pris og kostnadsoppsett

## 9. Vidare prosess

Kvinnherad kommune inviterer eit avgrensa tal leverandørar til å gje tilbod. Oppdraget vert tildelt etter ei samla vurdering av tilnærming, kompetanse, gjennomføringsevne og pris.

Viss de vil gi tilbod på oppdraget skal det sendast med e-post til [post@kvinnherad.kommune.no](mailto:post@kvinnherad.kommune.no) innan måndag 25.05.2026 kl. 14. Kopi av tilbodet skal samstundes sendast til [anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no](mailto:anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no).

Eventuelle spørsmål til førespurnaden kan rettast til kommunedirektør Leif Ove Mikkelsen (tlf. 483 19 291, e-post [leif.ove.mikkelsen@kvinnherad.kommune.no](mailto:leif.ove.mikkelsen@kvinnherad.kommune.no)) eller til underteikna.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Anbjørn Høivik  
Kommunalsjef - Samfunnsutvikling  
Tlf. 917 05 737, e-post: [anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no](mailto:anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no)

Brevet er sendt elektronisk og har difor inga underskrift. Kopi til:  
Leif Ove Mikkelsen Rosendalsvegen 10